

Byggesaksavdelinga

Referanser:

Dykkar:

Vår:

Saksbehandlar:

Trude Langedal

trude.langedal@lindas.kommune.no

Dato:

14.08.2017

Uttale til dispensasjonssøknad – dispensasjon frå LNF-føremålet for gbnr 147/50 Sellevoll

Vi viser til «*Oversending av søknad om dispensasjon frå LNF-formålet til uttale - gbnr 147/50 Sellevoll*» datert 07.07.2017, sak 17/ 20631

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen for oppføring av to einebustader på Sellevoll. Eigedommen vil ha atkomst frå Fv 404.

Vurdering

Den omsøkte tomte ligg i tilknytning til eit etablert og delvis utbygd einebustadområde på Sellevoll, området er ikkje regulert og ligg i sin heilskap som LNF-formål i kommuneplanen.

Tomta grensar mellom anna til ei frådelt tomt i aust som ikkje er utbygd og det ligg ein del ubebygd restareal mellom eksisterande bebyggelse. Med bakgrunn i dette meiner planavdelinga at det må gjerast ei heilskapleg vurdering av området, gjennom ein reguleringsprosess, før ei eventuell utbygging av dei to einebustadane.

Eigedommen ligg langs Fv 404. Fylkesvegen har ikkje tilbod for mjuke trafikanter. Strekninga Fv. 404 Kvamme-til kryss med kommunal veg til Fossevatnet er regulert til 2 felts veg med fortau i reguleringsplan med planID 1263-201112, vedteken i 2016. Regulering og utbygging av nye bustadområder langs fylkesvegen er sett på vent til vegstrekninga er utbetra med fortau.

Planavdelinga vil ikkje tilrå at det vert gjeve dispensasjon til 2 nye bueingar som vil auka trafikkbelasninga på fylkesvegen samstundes som fleire reguleringsplanar for nye bustadsområder er sett på vent.

Med helsing

Trude Langedal
rådgjevar

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.